

Referat frå FAU-møte på Naustdal skule 25.03.2025.

1. Skulereglar.

Arbeidet med skulereglar er forankra i Opplæringslova av 01.08.2024 og Sunnfjord kommune si forskrift. På Naustdal skule er det elevråda som har lagt grunnlag for arbeidet gjennom drøftingar i klassane og i elevråda gjennom fleire møte. Deretter har tilsette fått komme med innspel. Foreldrekontaktene som deltok på FAU-møtet 25.03.25, fekk utdelt utkastet. Det vart avtalt følgjande:

- Rektor sender utkastet ut til alle foreldre gjennom Visma
- Foreldre sender tilbakemelding til foreldrekontaktane for klassen der ein har elev
- Foreldrekontaktane for kvar klasse/trinn sender tilbakemelding til FAU-leiar Kjersti Instebø Garfors innan 30. april
- Skulereglane vil bli handsama i Skulemiljøutvalet i møte 8. mai

Det er ønskjeleg at FAU bidreg med innspel som handlar om skuleveg, sunn og næringsrik mat og drikke, samt reglar for bruk av digitalt utstyr (t.d. Pc, mobil og smartklokker).

FAU vil oppmode om at elevane har med seg sunn mat og drikke på skulen. Viser til dei nasjonale kostråda til Helsedirektoratet. Det frårådast at elevane har med usunn mat og drikke på skulen, som t.d. sjokolade, godteri, brus og energidrikk.

2. Trafikktryggleik, skuleveg og gå-til-skulen-aksjon.

FAU er oppteken av trafikktryggleik, og har jobba med dette temaet over fleire år. Det har nyleg blitt gjort endringar i sentrumsområdet rundt Ice Audio med avsperringar, samt oppretting av parkeringsplassar med betaling. Dette grunna trafikkaos i sentrum rundt skulestart og skuleslutt, og at mange har tatt seg til rette ved å parkere i dette området. Det har skapt mange farlege trafikksituasjonar. Den siste tida har det blitt auka trafikk nær skulen. Det er ønskjeleg at foreldre så langt det let seg gjere unngår henting og levering av borna sine i sentrumsområdet og langs fortauet ved skulen. Foreldre kan nytte seg av parkeringsplassane i sentrum med betaling. Det er få ledige parkeringsplassar ved skulen. Det er mogleg å setje elevane av lengre borte frå skulen, t.d. ved gamlebrua, Coop eller kyrkja. Det er endå betre om fleire går eller syklar til og frå skulen i staden, for å redusere trafikkaoset.

FAU og SMU har nyleg starta gå til skulen-aksjon. Det er to hovudgrunnar til dette:

- a) Auke trafikktryggleiken i sentrumsområdet ved å redusere biltrafikken i dette området.
- b) Auke elevane sin fysisk aktivitet. Dette er både helsefremjande og førebyggjer ei rekke sjukdommar.

Det vart gjort ei kartlegging av korleis elevane kom seg til/frå skulen i veke 12, veka før aksjonen starta, for å ha utgangstal for å sjå kor stor effekt aksjonen har. Aksjonen starta opp i veke 13, den 24.03. Det har kome inn fleire spørsmål frå foreldre. Vi blir einige om å lage eit nytt infoskriv med presisering av nokre poeng. Til dømes er nokre elevar umodne, og kanskje ikkje klare for å gå sjølv heile vegen til og frå skulen. Her tenker vi at foreldre kan bruke skjønn i forhold til sine barn. Elevrepresentantar i SMU kom med forslag om å danne gå-grupper, og at elevar/foreldre kan avtale tidspunkt slik at elevar kan gå saman til skulen. Ved farleg/utrygg skuleveg er det ok om foreldre kører borna delar av skulevegen, og set dei av t.d. ved gamlebrua eller Coop, slik at elevane kan gå resten av skulevegen. Dei yngste elevane kan få poeng om dei er på SFO eller om dei går sjølv delar av skulevegen. Foreldre og lærarar må bruke skjønn. Dersom nokon må køyre borna sine, oppmodast det til å unngå sentrumsområdet. Det er betre om foreldre set borna av ved t.d. Coop eller gamlebrua. Poenget med aksjonen er å auke trafikktryggleiken og auke elevane sin fysiske aktivitet. Premierung har blitt drøfta i SMU. Der har elevar sjølv kome med forslag om fritimar/utedag på Sanden. FAU er positive til dette. Vi blir einige om å premiere beste klassar på barnesteget, mellomsteget og ungdomsseget. Fleire klassar på kvart steg vil bli premiert: 1., 2. og 3. plass, der 1. plass får lengst utedag. Viser til infoskriv om aksjonen for meir informasjon. Dette blir sendt ut på Visma.

Lyssetjing langs skulevegen. I vinterhalvåret er det mørkt langs delar av skulevegen. FAU-leiar har sendt inn spørsmål til kommunen om dei kan betre lyssetjinga langs skulevegen. Tilbakemeldinga var at kommunen ikkje har økonomi til dette.

Forslag om drop-sone ved busstasjonen i Naustdal, der det kan vere mogleg å unngå trafikkfarlege situasjonar for elevane.

Gunn Marit Haugsbø vil ta kontakt med Åge Stafsnes, kommunalsjef for skule, for drøfting og gjennomgang av trafikkbiletet rundt Naustdal skule.

3. Permisjonsreglement.

Gjennomgang av erfaringar kring det nye permisjonsreglementet. Rektor ser at færre tek ut ferie i skuletida no enn før dei nye reglane kom. Dette er bra. I midlertid blir permisjonsreglementet handheva noko ulike mellom dei ulike skulane i Sunnfjord kommune. Rektorane ved skulane vil difor ha ein gjennomgang av tolkinga og bruken av reglane, slik at handaminga blir mest mogleg lik.

4. Skjermbruk og sosiale media.

Vassenden skule har laga eigne retningslinjer for bruk av skjerm og sosiale media på fritida. Skulen er mobilfri. Viser til retningslinjene deira, som ligg ute på nettsidene til Vassenden skule. FAU-leiar har snakka med rektor Kapstad på Vassenden skule, og vi kan gjerne bruke deira reglar som inspirasjon til våre eigne, og vi kan gjerne ta kontakt for meir informasjon. Vi les gjennom hovudpunktene i retningslinjene. Det blir einstemmig vedteke at FAU ved Naustdal skule vil arbeide med å få på plass liknande retningslinjer. Vi planlegg å lage spørjeskjema til alle foreldre ved skulen for å tilpasse reglane til vår skule. Reglane ønskjer vi å få på plass før neste skuleår.

Tips frå forelder: Det er mogleg å skru av internett for utvalte brukarar heime. Dette er effektivt for å avgrense skjermbruk i heimen. Det finst også foreldrekontroll som kan vere til hjelp.

Forslag til tema på foreldrekveld: Digital kvardag. Kva spel er elevane interessert i. Kva erfaringar har dei med internett. Ein kan be elevane sjølv fortelje/halde innlegg om dette til foreldra.

5. Eventuelt.

Polenturen. Det er store kostnader knytt til Polenturen. Enkelte skular får det ikkje til, og har tur i nærområdet i staden. Det er eit viktig poeng at turen er fullfinansiert av dugnadssinnsats, og at ingen kostnader knytt til turen kan sporast i skulebudsjettet. FAU ønskjer at vi skal halde fram med Polenturar vidare framover. Det er ønskjeleg at innsamla pengar som er til overs etter turen, går tilbake til Polengruppa. Dermed vil neste gruppe som skal reise til Polen kunne bruke pengane. Folk i bygda har gitt pengane til dette føremålet, og det er då viktig at pengane blir brukt til dette.

Referent: FAU v/ Kjersti I Garfors